

Tiltaksstrategi og retningslinjer for SMIL (spesielle miljøtiltak i jordbruket) Seljord 2017.

Med bakgrunn i "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 8. Administrasjon, klage og dispensasjon" Det skal fastsettes overordnede retningslinjer (tiltaksstrategi) for prioritering av SMIL-søknader i Seljord kommune. Tilskotsmidlene skal på denne måten prioriteres på grunnlag av lokalt tilpassede målsettinger.

Tiltaksstrategi for SMIL skal utarbeides i samråd med faglagene i kommunen før den blir handsama politisk i Plan, miljø og teknisk utvalg.

Sist handsama i møte med faglagene den 27.02.2017

Seljord bondelag: Marianne Vadder.

Flatdal Sau og geit: Turid Opsund Mæland

Meldt fråfall til møtet:

Åmotsdal Sau og geit: Håvard Jønnardalen har via telefon blitt informert om forslag til tiltaksstrategi og retningslinje for SMIL – midlar og gjeve sitt samtykke.

Seljord skogeigarlag: Frode Dyrland. har via telefon blitt informert om forslag til tiltaksstrategi og retningslinje for SMIL – midlar og gjeve sitt samtykke.

Godkjent i Plan, miljø og teknisk utvalg 08.03.2017

Alle innleverte SMIL-søknader til Seljord kommune skal handsamast i samsvar med gjeldende lovverk:

- FOR-2004-02-04-448 Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Rundskriv 2015-17 Kommentarer til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket

Nytt 2017:

SMIL-POTT 2017 er på kr. 180.000.

Fylkesmannen i Telemark skriv " I tildelingen til hver kommune inngår det en sum til planleggingskostnader jf. §4 i SMIL-forskriften. Vi ber kommunene om å prioritere 10-20 000 kr av årets tildeling dersom det er områder jf. §4 som trenger planlegging eller tilrettelegging.

Det skal resultere i en plan for gjennomføring av konkrete tiltak etter §5 i det aktuelle område. Det vil forutsette aktiv/e grunneier/e og målet er økt beitebruk i kulturlandskapet."

I Jordbruksavtalen 2016-2017 blir det presisert at SMIL-ordningen i 2017 blir utvida til å omfatte eigarar av landbrukseigedomar, sjølv om eigar ikkje er rettkomen produksjonstilskot. Det er eit krav at det føregjeng produksjon på eigedommen som er rettkomen produksjonstilskot.

Hydrotekniske tiltak er prioritert ved fordeling av midlar frå Landbruksdirektoratet til fylkesmannen som fordelar vidare til kommunane.

Fokusområder i Telemark i 2017:

Kommunens ordinære SMIL-strategiar (Tiltaksstrategi- dvs. dette dokument) skal framleis ligge som grunnlag for prioriteringar saman med SMIL-forskrifta, og det vil på lik linje med tidlegare år bli fordelt midlar til kommunane ut frå behov og gjennomføring.

Fylkesmannen i Telemark skriv " Vi viser til informasjon om SMIL satsingen og møte med kommunene 24. januar. Det er fra i år et ønske fra Fylkesmannen om økt satsing på områderettet forvaltning av SMIL-midlene i Telemark. Kommunene bes stimulere og prioritere tiltak og planlegging knyttet til aktive områder med beitebruk framover. Det bør også sees i sammenheng med satsing på storfe, og prioriteres der det er aktivitet knyttet til husdyr- og grovfôrproduksjon."

Fylkesmannen har i tillegg satt av ein pott på 600 000 kr som er prioritert til tiltak jf. §5 innanfor heilheitlege område, og til tiltak innan forureining og hydrotekniske tiltak som tidlegare.

Frå Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak:

§ 4 Tilskudd til planleggings- og tilretteleggingsprosjekter

Det kan innvilges tilskudd til prosjekter som leder fram til planer for konkrete tiltak som nevnt i § 5. Tilskudd innvilges på grunnlag av godkjente kostnadsoverslag ved planlegging, organisering og prosjektarbeid. Det ytes engangstilskudd med inntil 100% av godkjent kostnadsoverslag.

§ 5. Tilskudd til kulturlandskapstiltak og forurensningstiltak

Det kan innvilges tilskudd til gjennomføring av tiltak som ivaretar natur- og kulturminneverdiene i kulturlandskapet. Det kan også innvilges tilskudd til gjennomføring av tiltak som bidrar til å hindre eller redusere forurensning eller risikoen for forurensning fra jordbruket. Tilskudd innvilges på grunnlag av godkjente kostnadsoverslag for gjennomføring av tiltaket. Det ytes engangstilskudd med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag. For særskilte tiltak for å ivareta biologisk mangfold, kan det ytes tilskudd med inntil 100% av godkjent kostnadsoverslag.

Lokalt tilpassa målsettingar og prioriteringar 2017:

I Seljord er administrasjonen og faglaga i kommunen einige om å prioritere SMIL-tiltak som er i samsvar med lokalt tilpassa målsettingar slik:

1. Gamal kulturmark, men prioritere område med aktiv beitebruk.
2. Tilskot til planlegging – og tilretteleggingstiltak jamfør §4
3. Verneverdige bygg
4. Andre SMIL-tiltak innanfor gjeldande SMIL-forskrift og i samsvar med søknader til RMP (Regionalt Miljøprogram) for Seljord.

Bakgrunn/grunngeving for prioriteringa:

Tradisjonelt har Seljord kommune fått inn flest SMIL-søknader til gamal kulturmark og verneverdige bygg.

Fylkesmannen i Telemark ynskjer at kommunen stimulerer til områderetta planleggings- og tilretteleggingstiltak jamfør §4

Søknader til Regionalt Miljøprogram for Seljord viser og at det fins område der det er aktuelt med tiltak for å fremme: biologisk mangfald, andre kulturminne-/miljø, miljøretta omlegging i kornområde, tilgjenge/opplevingskvalitet og vegetasjonssoner mot vassdrag.

I Seljord har det ikkje vore like aktuelt med tiltak som: landskapsplanting, høytørkeanlegg, oppsamlingsanlegg for avløp frå veksthus, fangdammar og våtmarker, hydrotekniske anlegg, andre forureiningstiltak, klimaplanting/leplanting,

Prioritering av SMIL-søknader

Administrasjonen vurderer innkomne/godkjende SMIL-søknader opp mot tiltaksstrategi og retningslinjer for SMIL Seljord og fordeler skjønsmessig tilskot i samsvar med tildelte midlar (Seljord kommune sin SMIL-pott)

Søknadsfristar 2017:

1. 1. juni er hovudsøknadsfrist.

2. 1.oktober er supplerings-søknadsfrist om ikkje midlane er oppbruka.

Krav til SMIL-søknad med dokumentasjon

- Søkjar skal bruke søknadsskjema lagt ut av landbruksdirektoratet på <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/spesielle-miljotiltak/hvordan-soke/skjema>
- Søknaden må vera klart avgrensa og etterprøvbar
- Rekneskapsamandrag med fakturaer for innkjøpte varer og uttak frå eige varelager skal vera levert før sluttutbetaling.
- Timelister over eigeninnsats må søkjar dokumentere med dato og tid for utført arbeid
- Timesats eigen arbeid vert sett til maks 250 kr, maskin og utstyr i samsvar med leigeprisar (Norsk Landbruk)
- Utført arbeid må søkjar dokumentere med bilete

Kostnadsoverslag:

Seljord kommune vurderer/godkjenner kostnadsoverslag til inngjerding av gamal kulturmark SMIL-søknader ved hjelp av satsane nedanfor i dei tilfella kostnadsoverslag i søknad ikkje er dokumentert t.d. via pristilbod frå leverandør.

Meterkostnad sauegjerde: Stålnetting, impregnerte stolpar 8x1,75 (gjennomsnittavstand ca 2m), kramper og topptråd. Sum materialkostnad kr 38 pr. meter + oppsettkostnad kr 37 pr. meter = 75 kr pr. meter ferdig gjerde.

Meterkostnad storfegjerde (straum): Sum materialkostnad kr. 20 pr. meter + oppsettkostnad kr 25 pr. meter = 45 kr pr. meter ferdig gjerde. Merk at ein ikkje kan få tilskot til straumapparat.

Kostnadsoverslag til verneverdige bygg bør vere tilpassa krav sett av Norsk Kulturminnefond.

Tilskot

For kulturlandskaps- og forureiningstiltak kan ein gje eingongstilskot med mellom 25-50 % av godkjent kostnadsoverslag. Ein kan normalt ikkje gi tilskot til maskinar eller anna laust teknisk utstyr.

På grunn av den låge SMIL-potten i Seljord kommune bør tilskot til verneverdig bygg i størst mogeleg grad bli gjeve i samfinansiering med søknad til Norsk Kulturminnefond som har søknadsfrist 1.november.